



18.02.2015

Kommunal- og moderniseringsdepartementet

Arkivsak: 14/3261
Løpenr.: 15/1659
Sakshandsamar:
Inger Moe

Forenkling av utmarksforvaltninga Høyringsinnspel frå Luster kommune

Luster kommune er ein stor utmarkskommune der utmarksbaserte næringar spelar ei nøkkelrolle for busetjinga, samstundes som over halvparten av arealet er verna. Kommunen har erfaring med å ha lokal forvaltning for fem mindre verneområde. Luster er også del av tre nasjonalparkar med kvar sine verneområdestyre, og har fleire små verneområde som til no har vore forvalta av fylkesmannen i Sogn og Fjordane. I det fylgjande legg me fram våre innspel til rapporten om forenkling av utmarksforvaltninga.

Fleire forvaltningsoppgåver over på kommunane er av det gode. Vår erfaring er at det er kommunen som har dei beste føresetnadene for å stå for utmarksforvaltninga, fordi kommunen best kan fatta vedtak som er sikra forankring i kunnskap om lokale tilhøve. Samstundes oppnår ein betre samkøring av sakshandsaminga og meir heilskapleg og nyansert innsikt i problemstillingane. For publikum betyr lokal forvaltning færre og nærare instansar å halda seg til. Luster kommune er positiv til auka lokalt sjølvstyre, og dette er vår viktigaste merknad til rapporten.

Luster kommune er ikkje einig i at storleiken på kommunen har noko å seia for kommunen si evne til å driva god lokal forvaltning. Etter vårt syn vil kommunane fullt ut vera i stand til å løysa forvaltningsoppgåvene på vilkår av at dei har kompetansen og ressursane som trengst, uavhengig av storleiken; men på dette punktet er rapporten lite konkret. Det er ikkje drøfta kva ekstra ressursbehov overføringa vil medføra for kommunane, og korleis dette behovet skal dekkast. Me merkjer oss at i invitasjonen til kommunane om å overta forvaltarrolla for små verneområde, er det lagt til grunn at ressursane skal hentast frå kommunen sine eigne rammer (med unntak av tiltaksmidlar), jf brev frå miljødirektoratet av 04.12.2014. For å lukkast med handteringa av eit auka oppgåvetilfang, er styrking av kommunane heilt avgjerande.

Det er også viktig at dei overordna organa har tillit til kommunen sin kompetanse og habilitet, noko me diverre ofte føler at dei ikkje har. Altfor ofte vert vedtak fatta av kommunen kritiserte. Kommunen er sjeldan inviterte med i fora der verneområdeforvaltning vert drøfta, og er ofte utegløymd frå mottakarlista når informasjon om temaet vert sendt ut frå styresmaktene.

Luster kommune saknar ein omtale av kommunale oppsynsordningar i rapporten. Det lokale fjelloppsynet i Luster har vore ei velfungerande ordning i over 30 år, og har utan tvil gjort det lettare for folk både å varsle og å finna svar på spørsmål knytt til vilt, fiske, motorferdsel og mykje anna. Ein føresetnad for at det lokale fjelloppsynet eksisterer i Luster har vore at fjellstyret kjøper tenester hjå kommunen.

Det er bra at rapporten lyftar fram utfordringane som knyter seg til små eigedomar og uklåre eller kompliserte eigartilhøve. Ofte er det tilsvarande vanskeleg med sameigeteigar som fylgje av dårleg organiserte eigargrupper. Det medfører ekstra arbeid for søkjarane når dei må finna ut av infløkte eigartilhøve for å få godkjenning for tiltaket sitt, og likeeins forvaltninga dei gongene me prøver å hjelpa. Forvaltninga møter ofte forventningar om at me sit inne med fullt oversyn over eigartilhøve, noko me diverre ikkje har.

Luster kommune imøteser at KMD går vidare i eit spor i retning meir mynde til kommunane i utmarksforvaltninga. I prosessen fram mot ei enklare utmarksforvaltning oppmodar me departemetet om å gjera seg nytte av dei bidraga kommunane sjølve har å koma med i form av erfaringar, kunnskap og forslag.